



## **Referat møte i Sykkylven sokneråd**

Tid: 03.09.24. kl. 18.30 - 21.30

Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjekjellaren

Mat: Arne Bakkedal. Åpning: Jonas Fjeld (prest).

Desse møtte: May Lisbeth H. Aurdal, Arne Bakkedal, Jonas Fjeld (prest), Therese S. Hovland  
Kari Myklebust, Georgia D. Sandberg, Therese Utgård Aas.

Møtande vara: Roy Pettersen

Forfall: Eli Cecilie Myrene

Invitert frå staben: Rose Iren Stave.

**Sak 21/24 Godkjenning av innkalling og sakliste**  
*Einstemmig godkjent*

**Sak 22/24 Godkjenning av referat frå møte i Sykkylven sokneråd 22.05.24**  
Forfall må bli meldt på mail (ikkje Messenger el. anna). Leiar får beskjed, og leiar kallar inn vara. 1. Vara møtes fast. Andre vara møter kun ved særskilt beskjed.

**Sak 23/24 Datoplan soknerådet og arrangement**  
02. 10 og 26.11 (siste er tentativt fellesmøte med staben og Ikornnes sokneråd).  
Dei andre foreslåtte datoane går ut.  
Vi ønsker å invitere anten kyrkjelydspedagog Kathrin eller diakon Kristin på det neste møtet vårt (den som har tid).  
Sykkylven sokneråd kan ha eit lite møte i tillegg til dette, om det skulle vere naudsynt.

Seniordag haust -24: Soknerådet klarer ikkje finne ein god dato der ting ikkje kolliderar. Soknerådet ber difor Rose Iren og Jonas ta dette tilbake til staben. Staben kan finne ein dato, og spørre kvar enkel i soknerådet om dei kan bidra. Ikornnes sokneråd bør også involveres. Etter dette kan ein avgjere om og når evt ein skal ha dette.

**Sak 24/24 Offerliste**  
NMS offer flyttes fra 29/9 til 24/11.  
Stømmestiftelsen strykes pga kun fokus på bistand. Kirkens bymisjon, som vi har misjonsavtale med, sette inn i staden 01.12. Ung kyrkjesong flyttast til ein dag då eit kor syng, 29.09.



**Sak 25/24 Gudstenester og gudstenestearbeid**

Vi snakka om variasjon i type gudstjenster:

Ber Jonas førebu sak til soknerådets neste møte, også om familiegudstjenester.

Lucia-kveld? Lucia-gudstjeneste på søndag, eller søndagkveld? Fredagkveld i år sidan Lucia fell på ein fredagskveld.

Nattverd: Jonas ønsker ei gruppe med nattverd-utdelarar. Arbeidet er i gang. Det er tenkt at Jonas skal ha opplæring, og evt. Elise Ullavik organisere gruppa slik at den blir så sjølvgåande som mogleg.

Powerpoint og videoer: Soknerådet ønsker at Fellesrådet tek opp evt. investering i ny prosjektor som er kraftig og lyssterk nok til å vise video-snutter i gudstjenesta, dersom det er det som må til. I tillegg at ein ser på plassering av digitale skjermer i kyrkjerommet. Kan ein til dømes få tilbake dei "rullbare" skjermene? Då blir ikkje blikket så høyt oppe på vegg.

Jonas ønsker ikkje å styre Power point presentasjonane sjølv. Ønsker ei frivillig gruppe som kan kjøre Power point - opplegget til gudstjenestene. Treng altså frivillige til det.

Soknerådet ber Fellesrådet også ta opp om ein kan bevilge midler til betre elektroniske - slik at ein kan få til at evt. ein ved miksepulten til å styrer Powerpoint-framsyninga.

Viktig å ha på plass til "offertal"/presentasjon av offerformål ved person/videobilder før offeret. Både for lokalt offerformål, og til misjonsorganisasjonar. Invitere til dette. For at overgangen mellom minning og ofring ikkje skal bli for brå, jobbast det med overgangen.

Soknerådet ønskjer at offermål og misjonsprosjekta vert bedt for i forbøna, gjerne med noko konkret til inspirasjon. Viktig med tanke på fokuset vi ønsker å ha på misjon og misjonsprosjekta våre, i alt vi gjer.

Lovsong:

Ønskjeleg at blir i ei form slik at folk i benkeradene deltek og syng (ikkje konsert, men deltaking. Seie til menigheita at lovsongsgruppa er forsangarar, og ikkje opptrer. Kan godt ha færre songar frå lovsongsgruppa i kvar gudstjeneste, så ein får meir felles salmar, og helst i hovudsak på norsk. Ikkje alle er like stødige i engelsk, og viktig at songane også er gjenkjennelege. Kan godt finne fleire songar frå Norsk salmebok, mykje godt der.



DEN NORSKE KYRKJA  
Sykkylven sokneråd

**Sak 26/24 Gudstenester og gudstenestearbeid**

Rose Iren kantor fortel om arbeidet sitt i kyrkja, m a Foreldre-barn- treff; fokus på å ta i mot folk på ein inkluderande måte. Treng ein person til å ta imot foreldre og barn (som ein slags vert) på nye treff (dette manglar og manglar eigentleg nok ressursar til dette blant dei tilsette). Kor Kjekt skal startast av Nathalie Kanestraum og Kathrin N. Riksheim, alder 3.-7. klasse. Annakvar veke er best. Forsøker å ha i bakhovudet at aktivitetane våre er tilrettelagt for gutar og jenter osv.

Vil ha bibelkveld i kyrkja annankvar onsdag; Bibelstudie-gruppe med Kathrin og Rose Iren, ved invitasjon. For ungdom og unge vaksne. Inspirasjon frå Ungdom i Oppdrag i Oslo. Lovsong og undervisning.

Skrivar: Therese U Aas